

Merknadsoppsummering frå 1. gongs høyring og offentleg ettersyn m/ kommentarar

Plan: Detaljregulering Nedre Sjurgarden

Dato: 24.08.2023

Merknad frå	Merknadens innhald	Kommunens kommentar
Møre og Romsdal fylkeskommune (FK)	<p>Motsegn:</p> <p>Reguleringsplankartet har ikkje vist frisiktzone til gang og sykkelvegen. Siktsoner skal regulerast i tråd med Statens vegvesen si handbok N100.</p> <p>FK har motsegn til plana framtil frisiktzone til gang- og sykkelvegen er innarbeida i plankartet. Heimel for motsegn er veglova § 1a og handbok N100 jf. Veglova § 13.</p>	<p>Forslagsstillar har lagt inn frisiktlinjer for gang- og sykkelvegen i plankartet. Tre meter inn i Sjurvegen og 35 meter til kvar side.</p> <p>Då denne nye siktsona for gang- og sykkelvegen vart lagt inn så ser ein at deler av muren som ligg i tilknytning til eigedom gnr. 7 bnr. 309 ligg innanfor frisiktsona mot aust. Denne delen av muren er også ført opp utanfor eigedomsgrensa, på eigedom som tilhøyrer Sykkylven kommune. Det føreligg ingen avtale om å nytte kommunen sitt areal til oppført mur. Om ein måler utifrå flyfoto så ligg muren noko over ein meter inn i frisiktsona. Noko som reduserer sikta austover til ca 20 meter til midt av gang- og sykkelveg.</p> <p>Det har vore drøftingar om å flytte Sjurvegen noko vestover for at frisiktsona skal gå klar av muren etter initiativ av eigar av gnr.7 bnr.309. Forslagsstillar har vore klar på at dei ikkje vil stå for kostnaden med å flytte vegen. Det same har kommunen. Det har etter dette ikkje vore ein vidare dialog med 7/309 om flytting av vegen. Planforslaget som blir lagt fram er med same vegføring som i planforslaget som var til høyring.</p> <p>Sidan gang- og sykkelvegen i aust ikkje enda er bygd, vil det etter kommunen sin vurdering ikkje vere naudsynt å imøtekomme frisiktkrava for denne sona før denne delen av gang- og sykkelvegen blir bygd. Dette er lagt inn i føresegna § 7.3.</p> <p>På bakgrunn av justert plankart og tilhøyrande rekkjefølgjeføresegn så trekte fylkeskommunen motsegn knytt til trafikktryggleik for gåande og syklande i brev 16.08.2023.</p>

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (SMR)	<p>Det går ikkje fram av planomtalen eller rammeplanen for vatn og avløp kva for avløpsanlegg bustadområdet blir knytt til.</p> <p>Plan og bygningslova § 27-2 stadfester at bortleing av avløpsvatn skal vere sikra i samsvar med forureiningsregelverket. SMR registrerer to potensielle reinseanlegg for planområdet; U12 Ullavika (mekanisk reinseanlegg) og Sykkylven ungdomsskule (ureinsa anlegg).</p>	Det er avklart med Sykkylven energi at avløp har avrenning til renseanlegg U12 Ullavika som tilfredstiller forurensingsforskrifta §13-8.
Statens vegvesen (SVV)	SVV har ikkje vesentlege merknader til planforslaget slik det ligg føre.	Takast til vitande
Barne- og ungdomsrepresentant i Sykkylven kommune	<p>Leikeplass</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Bra innhaldskravet på leikeplassen er noko skjerpa. Viktig å kompensere med ekstra høg kvalitet på leikeplassen ettersom kommunen aksepterte ei detaljregulering som opphavelig var eit større bustadfelt. Dette medfører at det ikkje lenger er krav til ein større kvartalsleikeplass for området. 2. På leikeplassen meiner BU at det må leggest til rette for allsidig aktivitet for dei yngste barna. BU forslår at det eine kan vere dobbelt/trippelt dissestativ av god kvalitet. Det andre bør ikkje vere statisk, men gi rom for at barna får utfordringar slik dei utviklar sine motoriske ferdigheiter. Leikeplassen må innehalde krav så det blir ein attraktiv samlingsplass for dei nye bebruarane på Nedre Sjurgarden. <p>Trafikktryggleik</p> <ol style="list-style-type: none"> 3. Det blir viktig å opparbeide eit oversiktleg kryss veg Dalevegen. Avkøyrsla til Sjurvegn bør vere brei med 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Det står i føresegna (4.3) at leikeplassen skal utformast med fokus på høg kvalitet på innhald og framst innbydande og inspirerende på barns leik. 2. Det er lagt inn i føresegna § 4.3 av «Leikeapparat skal være et statisk som for eksempel dobbelt/trippelt dissestativ, det andre skal være klatring/hinder/balanse som utvikler motoriske ferdigheter.» <ol style="list-style-type: none"> 1. Avkøyrsla blir opparbeida etter Statens vegvesen sin N100 standard. Trafikkmengda blir auka på sørlege del av Dalevegen som følgje av reguleringa. Det er likevel ikkje å tru at trafikkmengda på Sjurvegen vil utløyse eit behov for gang- og sykkelveg/fortau. Sjølv om vegen har potensiale til å bli brukt meir av barn ved opning av nye sentrumsskulen, så bør ei avkøysle som oppfyller N100 krava til utforming og stigning vere tilfredstillande.

	<p>gang og sykkelveg som strekker seg litt opp i Sjurvegen. På denne måten blir barna losa trygt inn på den eksisterande gs-vegen langs dalevegen før dei kjem ned i sjølve krysset. Særleg barn på sykkel kan få stor fare ned Sjurvegen.</p>	
Styret i Sjurvegen	<ol style="list-style-type: none"> 1. Positiv til at vegtilhøva i nedre del av Sjurvegen blir oppgradert til normert vegstandard. 2. Styret gjer utbyggar merksam på at dei nye eigedomane er pliktige til å vere med på vinter og sommarvedlikehaldskostnadar på heile Sjurvegen. Vedlikehald av tilkomstvegar frå Sjurvegen må kostast sjølv. 3. Styret ser på bekymring på at Sjurvegen, som er ein privat veg, blir brukt som tilkomstveg til den nye sentrumsskulen. Sjurvegen går gjennom privat gardstun og er ikkje offentleg open for allmenn ferdsel. <p>Styret er open for å finne gode løysingar for ein eventuell framtidig kommunal overtaking av veggen for å sikre trygg og god skuleveg til borna.</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Takast til vitande. 2. I planomtalen kap 6.7.1 omtaler at alle nye eigedomar er pliktig til å delta i sommar- og vintervedlikehaldet av heile Sjurvegen. Kommunen vurderer at dette er privatrettsleg og at dette ikkje kan settast som krav i føresegnene til planen (til informasjon). 3. Kommunen vurderer at bruk av Sjurvegen som tilkomstveg for gåande til nye sentrumsskulen ikkje er knytt opp til reguleringssaka og skal ikkje avgjerast gjennom denne saka. Merknaden/bekymringa er sendt over til kommuneleiinga/ordførar.
Anna Vold og Hans Petter Brunstad Sørensen (Dalevegen 90)	<ol style="list-style-type: none"> 1. Positiv til at vegtilhøva i nedre del av Sjurvegen blir oppgradert til normert vegstandard. 2. Gjer oppmerksam på at i heile strekninga mellom deira eigedom og utbyggingsområdet er det ca 6-7 kisteveiter som renn ut i fire private avløpskummar. Avløp til tre av kummane kryssar Sjurvegen for avløp i grøft. Den fjere har avløpsrør i nabogrense til 7/389 og til grøft. I nedbørperioder er det betydeleg stor vassføring i desse. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Taksast til vitande 2. I føresegna § 3.6 står det at bygningsmessige tiltak skal ikkje gje endring i avrennings situasjonen frå planområdet. Forslagsstillar opplyser at dersom eksisterande veiter/kummer blir berørt skal vatnet inn på nytt OVsystem. 3. Dette er eit privatrettsleg spørsmål. Forslagsstillar seier at snø i utgangspunktet må deponerast på eigen grunn. Om snø skal kunne

	<p>3. Dei har behov for å kvitte seg med snø frå innkøyringa frå garasje. Det håper å kunne bruke snøfresaren for å legge snø på oversida av eigedomsgrensa på grøntareal f_BUA2.</p>	<p>freses over til grøntområde må eventuelt bli ein avtale med framtidige eigarar.</p>
--	---	--